



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar

Postbok 471 Sentrum

0105 OSLO

Saksbehandlar

Tlf. direkte innval

Vår ref.

2010/653-4

Dykkar ref.

Dato

27.06.2011

Maksimums- og minimumsverdien i eigedomsskatten for kraftverk. Uttale

Kommunestyret hadde saka føre i møte 23.06.2011, sak 2011/53.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til uttalen.

Med helsing

Mette Guddal
utvalssekretær

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe **Saksbehandlar**
 2010/653-3 Mette Guddal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato

Maksimums- og minimumsverdien i eigedomsskatten for kraftverk. UTTALE

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune vil uttale:

Innbyggjarane i kraftkommunane krev rettferdig avkastning av sine naturressursar. Vi ber Regjeringa straks endra eigedomsskattereglane for store vasskraftanlegg slik at dei speglar anlegga si reelle omsetningsverdi og vert likestilt med eigedomsskatt på andre anlegg.

Kvinnherad kommune har historisk avgitt store energiressursar til Noreg. Vi har stilt våre vassdrag til rådvelde for ei storstilt vasskraftutbygging, og som vederlag vore lova ein rimeleg del av den verdiskapinga vasskraftproduksjonen gjev. Føresetnaden for denne samfunnskontrakten er no broten:

Kraftprisane har dei siste ti åra tredobla seg, og vasskrafta si naturgitte miljøfortrinn som evigvarande og forurensningsfri gjer den i dag til eit av verda si viktigaste reiskap i klimapolitikken: norsk vasskraft si lagringsevne kombinert med norsk og europeisk vindkraft gjer både den utbygde og den uutbygde vasskrafta enda meir verdfull i fremtida.

Eigedomsskatten fylgjer ikkje marknadsutviklinga, då det er innført maksimumsreglar for verdifastsettelsen av kraftverka. Dagens tak på skattlegging av kraftverk må fjernast, ikkje indeksregulerast som departementet legg opp til. Eigedomsskatten er ein marknadsverdibasert skatt- slik departementet no legg opp til vil den verte ei indeksregulert avgift.

Med ein indeksregulert maksimumsverdi mister Kvinnherad kommune sin rett til del av framtidig verdiskaping, og kommunen sin tilslutning til nye vasskraftutbyggingar vil ikkje vera tilstades.

Behandling i Formannskapet den 09.06.2011

- Innstillinga samrøystes

Innstilling frå Formannskapet den 09.06.2011

Kvinnherad kommune vil uttale:

Innbyggjarane i kraftkommunane krev rettferdig avkastning av sine naturressursar. Vi ber Regjeringa straks endra eigedomsskattereglane for store vasskraftanlegg slik at dei speglar anlegga si reelle omsetningsverdi og vert likestilt med eigedomsskatt på andre anlegg.

Kvinnherad kommune har historisk avgitt store energiressursar til Noreg. Vi har stilt våre vassdrag til rådvelde for ei storstilt vasskraftutbygging, og som vederlag vore lova ein rimeleg del av den verdiskapinga vasskraftproduksjonen gjev. Føresetnaden for denne samfunnskontrakten er no broten:

Kraftprisane har dei siste ti åra tredobla seg, og vasskrafta si naturgitte miljøfortrinn som evigvarande og forurensningsfri gjer den i dag til eit av verda si viktigaste reiskap i klimapolitikken: norsk vasskraft si lagringsevne kombinert med norsk og europeisk vindkraft gjer både den utbygde og den uutbygde vasskrafta enda meir verdfull i fremtida.

Eigedomsskatten fylgjer ikkje marknadsutviklinga, då det er innført maksimumsreglar for verdifastsettelsen av kraftverka. Dagens tak på skattlegging av kraftverk må fjernast, ikkje indeksregulerast som departementet legg opp til. Eigedomsskatten er ein marknadsverdibasert skatt- slik departementet no legg opp til vil den verte ei indeksregulert avgift.

Med ein indeksregulert maksimumsverdi mister Kvinnherad kommune sin rett til del av framtidig verdiskaping, og kommunen sin tilslutning til nye vasskraftutbyggingar vil ikkje vera tilstades.

Behandling i Kommunestyret den 23.06.2011

- Innstillinga vedteken med 27 mot 6 røyster (Frp).

Vedtak frå Kommunestyret den 23.06.2011

Kvinnherad kommune vil uttale:

Innbyggjarane i kraftkommunane krev rettferdig avkastning av sine naturressursar.

Vi ber Regjeringa straks endra eigedomsskattereglane for store vasskraftanlegg slik at dei speglar anlegga si reelle omsetningsverdi og vert likestilt med eigedomsskatt på andre anlegg.

Kvinnherad kommune har historisk avgitt store energiressursar til Noreg. Vi har stilt våre vassdrag til rådvelde for ei storstilt vasskraftutbygging, og som vederlag vore lova ein rimeleg del av den verdiskapinga vasskraftproduksjonen gjev. Føresetnaden for denne samfunnskontrakten er no broten:

Kraftprisane har dei siste ti åra tredobla seg, og vasskrafta si naturgitte miljøfortrinn som evigvarande og forurensningsfri gjer den i dag til eit av verda si viktigaste reiskap i klimapolitikken: norsk vasskraft si lagringsevne kombinert med norsk og europeisk vindkraft gjer både den utbygde og den uutbygde vasskrafta enda meir verdfull i fremtida.

Eigedomsskatten fylgjer ikkje marknadsutviklinga, då det er innført maksimumsreglar for verdifastsettelsen av kraftverka. Dagens tak på skattlegging av kraftverk må fjernast, ikkje indeksregulerast som departementet legg opp til. Eigedomsskatten er ein marknadsverdibasert skatt- slik departementet no legg opp til vil den verte ei indeksregulert avgift.

Med ein indeksregulert maksimumsverdi mister Kvinnherad kommune sin rett til del av framtidig verdiskaping, og kommunen sin tilslutning til nye vasskraftutbyggingar vil ikkje vera tilstades.

Saksutgreiing:

Sjå vedlagte høringsnotat og rådmannen sitt forslag til uttale.

Økonomisk konsekvens:

Meget store økonomiske konsekvenser, da fjerning av maksimumsverdien vill ha gitt ei årleg inntekt for kommunen på kr.22, 8 mill.

Vedlegg:Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk